

OM ÅRSRAPPORTEN

OM ÅRSRAPPORTEN

Rauma kommunes årsrapport for 2015 presenterast for første gong i heilhet på nett. Årsrapporten er rådmannens presentasjon av kommunens offisielle rekneskap og årsmelding for kommunestyret. Rapporten fungerer i tillegg som eit informasjonsdokument for kommunens innbyggjarar, næringsliv og andre leserar gjennom ei beskriving av dei kommunale einingane og oppnådde resultat i 2015.

Årsrapporten er detaljrik og omfattande. Dette er gjort for at politikarar, tilsette og innbyggerar skal få ein grundig og detaljert informasjon om kommunen, både når det gjeld overordna styringssystem, tenestebeskrivelsar i einingane, ressursbruk og målsettingar for drifta.

Den digitale årsrapporten kan lastas ned som PDF ved å klikke på utskriftsikonet øvst til høgre på sida.



RÅDMANNENS KOMMENTAR

OMSTILLING 1 - KOMMUNEØKONOMIEN

Rekneskapen for 2015 syner blodraude tal med eit underskot på 10,5 mill. kroner i eit år kor kommunesektoren i snitt går med eit netto driftsresultat på 3,5 %. Resultatet kjem ikkje som ei overrasking, men har vore varsla gjennom storparten av 2015. Derfor er også omstillinga med å få driftsnivået ned på eit nivå som er tilpassa inntektene våre i gang. Kommunestyret har gjort nødvendige vedtak i økonomiplanen for 2016-2019. No er det opp til oss i leiinga å gjennomføre omstillingstiltaka, og bevisstgjere organisasjonen om at oppgåva vår heile tida er gi best moglege tenester innafør tildelte økonomiske rammer.

OMSTILLING 2 – REGIONAL ORIENTERING ETTER TRESFJORDBRUA

Før jul i 2014 opna Vågstrandstunnelen og hausten 2015 opna Tresfjordbrua. Samtidig som desse viktige samferdselsløysingane har gitt urimelege økonomiske ulemper for Vågstrandiane, har tiltaka endra Rauma sin plass i det regionale bildet. Avstanden frå Åndalsnes til Vestnes er redusert til 40 minutt. Reisetida til sjukehuset på Åse er no den same som til sjukehuset i Molde, målt frå Åndalsnes. Sjølv om Rauma fortfarande har flest pendlarar til Molde – 296, var talet pendlarar vestover mot Vestnes, Ålesund og Sunnmøre oppe i 159 – før opninga av Tresfjordbrua. Spørsmålet er om Rauma i større grad må sjå til Ålesund og Sunnmøre som vi til alle tider har gjort til Romsdal og Molde, både funksjonelt og kulturelt?

OMSTILLING 3 – KOMMUNEREFORMA

Alt no veit vi at Kommune-Noreg blir vesentleg endra gjennom Kommunereforma. Nokre stadar blir det etablert enda større bykommunar, andre plassar store regionkommunar, nokre gjer berre nabofusjonar og nokre plassar blir strukturen uendra tross behov for endringar. Rauma har delteke i prosessar både i Romsdal (regionkommune) og Vestnes (nabofusjon). Truleg er Rauma ein kommune som har eit reelt val om å fortsette åleine på grunn av storleik, plassering og at vi har ein eigen bu- og arbeidsmarknad. Men om det er lurt og klokt, det er eit anna spørsmål. Uansett om

vi blir med andre eller vel å stå åleine ventar store omstillingar og utfordringar framover – ikkje berre for kommuneorganisasjonens tilsette, leing og folkevalde, med også for næringsliv og folk flest.

OMSTILLING 4 – TEKNOLOGI SOM VIKTIGASTE DRIVAREN FOR ENDRING

Den viktigaste endringsdrivaren i samfunnet og næringslivet har i lang tid vore den teknologiske utviklinga. Framover vil dette også gjelde den kommunale sektoren. Så langt har teknologi i kommunesektoren handla om smart-boards og fagsystem for å støtte administrasjon og tenesteytinga på ulike måtar. Men no flyttar teknologien seg frå å være til støtte til å ta over sjølve tenesteytinga. Vi ser trendar der nettbaserte verktøy utfordrar den tradisjonelle undervisninga, og medisinerbotar passar på at sjuke menneske tek riktige tablettar til riktig tid.

Sjølvsbeteningsløysingar på nett gjer at innbyggjarane kan få løyst sine behov heimafrå til alle døgnetstider og gjer rådhusets lokalisering og opningstid lite interessant. Den teknologiske utviklinga innafor dei kommunale tenestene vil gi nye utfordringar og moglegheiter – både for innbyggjarane og dei tilsette. Tilsette, brukarar og leiarar må utvikle og omstille seg til å tenkje mykje meir på korleis teknologien påverkar det vidare arbeidet med brukarorientering, kvalitetssikring og å effektivisera tenesteproduksjonen. Den mest konkrete utfordringa vi har dei neste åra er val og innføring av velferdsteknologien som skal takast i bruk i det nye helsehuset og i dei heimebaserte helse- og omsorgstenestene i Rauma.

OMSTILLING 5 – DEN KOMPETANSESTYRTE KOMMUNEN

I arbeidet med Rauma kommunes interne kompetansestrategi har vi definert kompetansekravet til «Å vere i stand til å møte morgondagens oppgåver og krav med den kunnskapen, ferdigheitene og haldningar som er nødvendig». Det betyr at formell kunnskap og utdanning er ferskvare. Innafor alle teneste- og fagområder må det skje ein fortløpande fagkritikk og refleksjon over kva som er gode løysingar i ei ny tid. Evner til samhandling og gjennomføring er avgjerande for å oppnå resultat.

Skal du bli god må du samarbeide med dei som er best innafor ditt fagområde, både i Noreg og i utlandet. Det handlar om å ha følarane ute og hente nye impulsar, nye idear og lære av dei beste. Samhandling berre mellom fagfolka eller fagleiarane i Rauma kommune er ikkje tilstrekkelig for å utvikle tenestene godt nok og raskt nok. Heller ikkje fagnettverk mellom romsdalskommunane er nokon garanti for å bli blant dei beste i Noreg.

Dette handlar om omstillinga frå den regelbaserte og profesjonsstyrte kommunen til den kompetansestyrte kommunen, som heile tida jaktar på noko som er betre og finn lurare måtar å jobbe på. Det er slike kommunar som vil tiltrekke seg og halde på dei beste fagfolka fordi dei utviklar seg sjølve parallelt med at tenestene og organisasjonen utviklar seg.

Rådmann



VISJON OG MÅL

VISJON OG MÅL

"VI SKAL BLI VERDAS BESTE KOMMUNE FOR NATURGLADE MENNESKE"

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjestar Rauma. Visjonen forpliktar oss til å ta vare på naturen og vere eit bærekraftig samfunn.

I samfunnsplana 2014-2025 vart følgjande verdiar vedteke: Verdiane seiar at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. Tolerant er og eit ord som beskriv verdien Raus.

FORKLARING

MÅL: 400 NYE INNBYGGARAR

- Hovudindikator for eit samfunn si livskraft er utvikling av folketalet
- Rauma har fødselsunderskot, netto utflytting innanlands, men positiv utanlands innvandring
- Målet er å få positiv både innanlands og utanlandsk innflytting. Og etter kvart - positivt fødselsoverskot
- Ei skikkelig utfordring er kvinnene – Rauma har berre 85 kvinner pr. 100 menn

FORKLARING

300 ARBEIDSPlassar

- Målet er netto vekst i talet arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketalet
- Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling
- To strategidokument ligg til grunn for vekst i talet arbeidsplassar
 - Strategisk næringsplan
 - Strategi for utvikling av reiseliv og handel
- Viktigaste strategi for auka pendling er ferjefri Langfjordkryssing

FORKLARING


MÅL: 200 BUSTADAR


- Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadtomter er viktig for vekst i folketalet
- Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ein kvar tid
- Kommunen vil samarbeide med private om bustadtomter i andre bygdelag
- Ei særleg kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleigebustader, førsteheimsbustader og bustader for vanskelegstilte

STRATEGIAR

- Ein hovudstrategi for å komme ut av ein 0-vekstssituasjon, er å bli del av ein større og ekspansiv bu- og arbeidsmarknad
- Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – vennlig og imøtekommande

- Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover
- Rauma kommune vil arbeide for at Rauma, Åndalsnes og Romsdal skal vidareutviklast som ein sterk reiselivsdestinasjon – fundert på naturbaserte opplevingar og gode sørvistilbod
- Åndalsnes skal utviklast som ein attraktiv småby – både for kommunen sine innbyggjarar og dei som gjestar kommunen
- Tilrettelegging for vekst og utvikling i bygdene er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på dei ressursar som er i heile Rauma





POLITISK VERKSEMD

POLITISK ORGANISASJON

(org.kart mangler)

Kommunestyret

Klageutval

Kontrollutval

Utval for plan og forvalting

Formannskap

Andre utval

(GRAFISK OVERSIKT PARTI MANGLER)

Kommunestyret i Rauma har 27 representantar. Den 14. september 2015 var det kommuneval, derfor har det vore to forskjellige kommunestyre i 2015.

FRÅ 14. SEPTEMBER 2015 VAR FORDELIGA SOM FØLJER:



Høgre - 8



Senterpartiet - 7



Arbeidarpartiet - 4



Framstegspartiet - 2



Kristeleg Folkeparti - 2



Sosialistisk Venstreparti - 2



Venstre - 1

Uavhengig - 1

På det konstituerende kommunestyret 13. oktober 2015 vart Lars Olav Hustad (Høgre) attvalt som ordførar og Arne Hop (KrF) blei valt som varaordførar.

FRAM TIL 14. SEPTEMBER 2015 VAR FORDELINGA SOM FØLGJER:



Arbeidarpartiet - 8



Senterpartiet - 6



Høgre - 5



Framstegspartiet - 4



Kristeleg Folkeparti - 3



Venstre - 1



Fram til 13. oktober 2015 var Lars Olav Hustad (Høgre) ordførar og varaordførar var Oddbjørn Wærås (Arbeidarpartiet).

MØTEVERKSEMD (GRAFISK OVERSIKT MANGLER)

- I 2015 hadde kommunestyret i alt åtte ordinære møte i tillegg til Raumakonferansen og eit felles kommunestyremøte i ROR. Kommunestyret handterte i alt 117 saker. Kommunestyret er generalforsamling i Rauma Energi. I 2015 ble det gjennomført ei generalforsamling.
- Formannskapet hadde 16 møte i 2015 og behandla totalt 127 saker.
- AMU hadde 5 møte i 2015 og behandla 35 saker.
- Utval for plan og forvaltning hadde 8 møte med 88 behandla saker.
- Kontrollutvalet hadde 8 møte i 2015 og behandla 49 saker.
- Klagenemnda hadde i 2015 to møter og behandla i alt 23 saker. 21 saker var klager på eigedomsskatt og ei ordinær klagesak.

SAKER

Dei viktigaste sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2016:

- Støysoneproblematikk Setnesmoen.
- Sentrumsutviklingsprosjekt.
- Bygdeutviklingsmidlar.

- Kommunereforma.
- Raumasenteret – løyve til utbygging av andre etasje.
- Overtaking av 5 private vassverk – Tilbod om kommunal overtaking av private vassverk.
- Plan for utbygging av Åfarnes bustadfelt 2.
- Ny eigarstruktur i Nordveggen AS i forbindelse med Innovasjonssenter Åndalsnes.
- Konstituering av nytt kommunestyre.
- Busetting av flyktningar i 2017-2019.
- Skulestruktur Sørsida.
- Barnehageløysing i Isfjorden.
- Val av plassering av produksjonskjøkken.
- Godkjenning av forprosjekt Helsehus.
- Områderegulering Stokkekaia.
- Vedtak av Hovudplan for sykkelnett Åndalsnes-Isfjorden 2015-2023.
- Namnsetting vegar i Isfjorden og Nordsida.
- Budsjett og økonomiplan 2016-2019



ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR

Rådmannens leiarteam i 2015:

Rådmann Oddbjørn Vassli

Ass. rådmann Perry Ulvestad

Økonomisjef Mette Rye

Fagsjef helse og omsorg Gro Berild

Fagsjef oppvekst Kåre Straume

Kommunikasjonsrådgivar Arnt Olav Hønsvik Herjehagen

Einings og einingsleiarar har vore:

Kommunal – Teknikk - Tom Erik Rødven

Formålsbygg – Stig Malones

Areal – Heidi Skaug

Vågstranda oppvekstsenter – Aina Tomren

Måndalen oppvekstsenter – Bjørn Nord

Åndalsnes oppvekstsenter – Nina Ellingseter Aandal

Åndalsnes ungdomsskule og vaksenopplæringscenter – Geir Grav

Isfjorden oppvekstsenter – Kim Hugo Nyheim

Åfarnes oppvekstsenter – Idunn Frøyshov Pharo

Eining for barn og unge - Sylvia Vik Mittet

Kurative helsetenester – Harald Digernes Westby

Institusjonsbasert helse og omsorg – Mary Aasen

Heimebasert helse og omsorg – Siri Halvorsen

NAV Rauma - Tove Touihri

REKRUTTERING

Vi har kompetente søkarar til dei fleste stillingar, men noko variasjon i forhold til dei ulike tenestedområda. Rekruttering av mellom anna barnehagelærarar og sjukepleiarar kan være krevjande. Leiarstillingar er det generelt få søkarar til. Reduksjon i talet på deltidsstillingar gjerast der det er mogleg og ønskeleg. Det må særleg nemnast at ein ved omlegging av arbeidstidsordningar innan heimebasert omsorg har auka stillingsprosenten for arbeidstakarar med helsefagleg utdanning, slik av vi i heimetenesta berre har fagfolk på vakt i høge stillingsprosentar. Ein har fått bort 18 vakante helgestillingar, kvar på 13 %. Tilsette i midlertidige stillingar med rettar etter Arbeidsmiljølova får faste arbeidsavtaler når det er grunnlag for det. Tilsettingar skjer gjennom einingane sine ulike tilsettingsutval.

LÆRLINGAR

Rauma kommune har gjennom mange år satsa på lærlingordninga som ein aktiv del av vårt rekrutteringsarbeid. Det anbefalte normtalet for lærlingar har vore 1 pr. 1.000 innbyggjarar. Vi har i fleire år ligge over anbefalt norm. Sommaren 2015 besto 8 lærlingar fagprøve, medan 11 lærlingar var under aktiv opplæringskontrakt ved årsskiftet. Lærlingane blir følgt opp av Rauma og Vestnes opplæringskontor.

LIKESTILLING

	2011	2012	2013	2014	2015
Årsverk	525	549	533	537,5	569,5
Tilsette totalt	658	667	706	696	680
Tilsette, menn	125	117	159	158	153
Tilsette, kvinner	533	550	547	538	527
Tilsette, heiltid totalt	294	298	315	291	295
Tilsette, heiltid menn	94	98	99	86	87
Tilsette, heiltid kvinner	200	200	216	205	208
Tilsette, deltid totalt	364	369	391	405	351
Tilsette, deltid menn	31	19	60	72	66
Tilsette, deltid kvinner	333	350	331	333	319
Brann deltid m.m.	32	39	38	42	42
Brannbefal (deltid)			4	4	4
Leiarar	29	29	34	35	34
Leiarar, menn:	14	11	12	14	12
Leiarar, kvinner:	15	18	22	21	22

Talet på årsverk har ved årsslutt ei auke på 5,9 % i samanlikna med 2014.

77,5 % av kommunens 680 tilsette er kvinner. Kvinneandelen leiarar i kommuneorganisasjonen er 65 %.

Andelen kvinner tilsette på heiltid har ein liten auke i forhold til 2014 medan tala for kvinner som arbeider deltid går ned. Det er ei målsetting å få fleire kvinner over i heiltid gjennom ein fleksibel personalpolitikk og med utviding av stillingar. Noko ein mellom anna har klart innan heimebasert omsorg ved omlegging av arbeidstidsordningar.

Som ein del av kommunens bedriftsinterne attføringsarbeid er fleire personer omplassert i stillingar i 2015. Vår satsing med å tilby og legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vårt arbeid for å fremme likestilling og integrering, og å motverke diskriminering.

BEDRIFTSHELSETENESTE

Rauma kommune har avtale om bedriftshelseteneste med Stamina Helse frå lokalt kontor på Åndalsnes.

Avtalen om bedriftshelseteneste er todelt. Hovudleveransen inneheld grunnpakken HMS med sjukefråvær, systematisk HMS arbeid, arbeidshelseoppfølging, ergonomi, psykososialt arbeidsmiljø og fysisk, kjemisk og biologisk arbeidsmiljø. Den andre delen inneheld tilleggstenester som bestillast spesifikt og fakturerast etter avtale uavhengig av hovudleveransen som har ein fast pris.

HELSE- MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)

Rauma kommune har med grunnlag i Arbeidsmiljølova eit web-basert system for handtering av helse- miljø og sikkerheitsarbeid (HMS). I HMS-systemets årshjul finn ein det systematiske arbeidet som skal gjennomførast i einingane for å imøtekomme krava i Arbeidsmiljølova. Vidare er det rekkefølgje for når den enkelte aktivitet skal vere gjennomført, kven som er ansvarleg for gjennomføring og kven som skal medverke. Portalen er ei open løysning også for innmelding av avvik. Eit avvik er adressert til den eining som saka angår, eininga har vidare ansvar for oppfølging og lukking av avviket.

TABELL – STATISTIKK INNAN HMS

HMS-krav	Gjennomført		Delvis		Ikkje gjennomført	
	2014	2015	2014	2015	2014	2015
Einingar med utarbeida tiltaksplan	16	16	0	0	4	0
Einingar med gjennomført tiltaksplan	12	7	4	7	4	2
Meldte avvik og status	235	245	0	10	17	5
Einingar med gjennomførte medarbeidersamtalar	9	11	0	0	11	5
Einingar med gjennomført vernerunde	16	13	0	0	4	3
Einingar med gjennomført opplæring HMS	9	9	6	5	5	1
Einingar med gjennomført risikovurdering	10	13	2	0	8	3

INTERNKONTROLL (IK)

Internkontroll er kommunen sitt verktøy etter kommunelova for å identifisere svakheiter og brot på lovkrav i tenestene. Det web-baserte IK systemet har same portalløysing som HMS systemet. Internkontrollen er under kontinuerlig utvikling og ein har særleg lagt vekt på innlegging av prosedyrar og rutinar knytt til tenesteyting. I systemet kan det gjennom den opne portalen meldast inn avvik frå både tilsette og innbyggjarar. Meldte avvik handterast og lukkast av einingsleiar. Lukking av avvik kan mellom anna skje gjennom endring av prosedyrar, opplæring, informasjon eller andre kvalitetsforbetrande tiltak.

AVVIKSHANDTERING

Meldte avvik	Avvist	Ikkje starta	Starta	Fullført
43	2	13	1	27

ETISKE RETNINGSLINJER

Etikk er å halde seg reieleg til eit verdigrunnlag, både sitt eige og det verdigrunnlaget som gjelde i organisasjonen. Som ein open organisasjon er kommunens omdømme avhengig av innbyggjarane sin tillit. Tilliten svekkast ved mistanke om til dømes korrupsjon, lovbrøt, maktmisbruk eller liknande handlingar. For kommunen som verksemd er det derfor i tillegg til det som følgjer direkte av lover og regler, vedtatt eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. Retningslinjane for tilsette går fram av kommunens personalreglement og tek opp forhold som mellom anna habilitet/interessekonflikhtar, teieplikt, informasjon, personlige fordelar, rapportering og oppfølging. Det er ikkje avdekkja alvorlege brot på retningslinjane i 2015. Etiske retningslinjer er tema på introduksjonsdagar for nye tilsette og ein viktig del i vår leiaropplæring.

KOMPETANSEUTVIKLING

Rauma kommune ønskjer å jobbe systematisk og strategisk med kompetanse for lettare å behalde, utvikle, rekruttere og anvende rett kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikre at kommunen leverer gode tenester. Med dette som bakteppe blei det i 2015 utarbeida og vedtatt ein strategisk kompetanseplan for Rauma kommune. Strategisk kompetansestyring inneberer planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse for å nå definerte mål.

Ei strategisk og systematisk satsing på kompetanse er nødvendig for at kommunen skal kunne lykkast både som samfunnsutviklar, velferdsprodusent og arbeidsgivar.

Som ein del av kommunens planverk vil den strategiske kompetanseplanen være sentral i arbeidet med å oppfylle kommunens visjonar og mål.

Til opplæringstiltak blei det i 2015 brukt ca. 1,3 millionar kroner. Midlane kjem frå kommunale løyvingar og frå øyremerka midlar innan helse og omsorg og oppvekst, samt midlar som vi har fått gjennom spesifisert søknad. Mellom anna har kommunen mottatt kr. 230.000 frå fylkesmannen gjennom kompetanseløftet 2014, og kr. 210.000 i OU midlar til utbetaling for leiaropplæring i 2015. Når det gjelde kompetansegivande studie og opplæring var det i 2015 innan oppvekstområdet 29 lærarar/barnehagelærarar/skuleleiarar/fagleiarar under vidareutdanning. Innan helse og omsorg er 20 tilsette i helse og omsorg under utdanning som helsefagarbeidarar, 15 under utdanning som sjukepleiarar/vernepleiarar, medan 7 tilsette deltar i ulike vidareutdanningar. Alle mottar støtte gjennom Kompetanseløftet 2015. Våren 2015 vart eit større opplæringsprogram for 23 avdelingsleiarar avslutta.

FRÅVÆR

Det finns fleire sjukefråværsstatistikkar. Rauma kommune bruker KS statistikken, som syner fråvær frå 2. kvartal eit år til 1. kvartal året etter.

Etter fleire år med stabilt samla sjukefråvær i underkant av landsgjennomsnittet for kommunane, så aukar no sjukefråværet i Rauma i perioden 2. kvartal 2014 – 1. kvartal 2015.

	Samla sjukefråvær			Undervisningspersonell			Turnuspersonell		
	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2012-2013	2013-2014	2014-2015
Kommunar	9,78	9,80	9,84	8,26	8,30	8,43	11,96	11,91	11,95
Rauma	9,43	9,45	10,44	9,70	13,37	12,84	12,20	10,51	12,15

I all hovudsak er det dei langtidssjukemeldte som utgjer fråværet i statistikken. Dette ser vi ut frå at legemeldt sjukefråvær er på 9,57 %, og sjukefråvær utanom arbeidsgivarperioden 6,80 %.

Går vi inn i vår interne fråværsstatistikk på dei enkelte einingane så går det fram at det er ein liten del av våre tilsette som utgjer ein stor del av fråværet i statistikken. Det kjem også fram at fråværet varierer mellom einingane, også innan same sektor.

Rauma kommune har stort fokus på sjukefråværet og i 2015 innførte vi mellom anna nye og innskjerpa rutinar for oppfølging av sjukemeldte.

Som IA bedrift har vi inngått ein avtale som forpliktar både kommune, arbeidstakarar og NAV, og der einingane mellom anna skal setje mål og etablere tidleg innsats for å

kunne redusere sjukefråværet. Dette gjelde særleg det arbeidsrelaterte sjukefråværet. Vi har derfor gjennom IA- samarbeidet gjennomført opplæring for å førebygge sjukefråvær, i tillegg til individretta tilrettelegging og tiltak for den enkelte samt gruppetiltak.

I 2015 er det også sett i gang ei eige LEAN-prosjekt for å betre prosedyrar og rutinar i heile prosessen med oppfølging av sjukemeldte. Vidare har vi også engasjert BHT til å gjennomføre ein eigen arbeidsmiljøkartlegging og utarbeiding av handlingsplan for reduksjon av sjukefråvær ved ein av einingane.

SENIORPOLITIKK



Målet ved ein aktiv seniorpolitikk er å halde på seniorane sin kompetanse i organisasjonen, og å utsette pensjonsavgang, noko som er eit av tre hovudmål i IA avtalen frå 2014. Einingane skal setje aktivitetsmål for korleis verksemda kan stimulere eldre arbeidstakarar til å stå lenger i arbeid, og til å ha eit livsfaseperspektiv som skal gå inn som ein del av personalpolitikken.

HENDINGAR 2015

JANUAR

VERDAS FØRSTE HANDSHAKE FOR PEACE SKULE

Åfarnes skule fikk ei utfordring frå generalsekretær i NFF, Kjetil Siem, om å bli verdas første Handshake for Peace skule. Skulen har jobba aktivt med dette gjennom heile 2015.



FEBRUAR

RAUMASENTERET FÅR BYGGE UT

Raumasenteret får godkjenning til å starte utbygginga av senteret med 4500 m².



MARS

UTGREIINGAR I KOMMUNEREFORMA

Rauma bestiller tilleggsutgreiing frå Telemarksforskning for 0-alterantivet – Rauma som fortsatt eigen kommune. Denne kjem i tillegg til utgreiinga av alternativa Rauma-Vestnes og ROR kommunane.



APRIL

BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL FIRE PROSJEKT

Til saman vart det delt ut 1,25 mill kroner til Fonden boligområde, Eid Handelslag, Holm Bygdslag og kunstisbane i Isfjorden.



MAI

2,9 MILLIONAR TIL SENTRUMSPROSJEKTA

Rauma kommune fekk 2,9 millionar kroner i tilskot frå Fylkeskommunen til opparbeidinga av Rådhusplassen og byparken på Kyrkjetomta i Åndalsnes, som utgjør 33 prosent av den totale kostnaden.

JUNI



ANBUÐSÅPNING FOR HELSEHUSET

Mandag 29. juni gjekk anbudsfristen for det nye helsehuset på Stokkekaia ut. Entreprenøren som vann var HENT AS.



JULI

ÅPNING AV RÅDHUSPLASSEN

Fredag 3. juli åpna den nye rådhusplassen på Åndalsnes med konsert med Jo Nesbø og Lars Jones. Eit av mange tiltak som bidrog til ein aktiv og mykje besøkt sentrumskjerne i sommarmånadene.



AUGUST

ROBEK

I midten av august fekk Rauma kommune beskjed om at dei løpet av hausten vil bli meldt inn på ROBEK på grunn av eit reelt udekka underskot på 600.000 kroner.



SEPTEMBER

MANNEN RØRER SEG IGJEN

I september vart farenivået auka til rødt, som førte til nye evakueringar på Lyngheim. Mykje regn og mildver, gjorde at fjellet nådde dei største hastigheitene som er målt sidan målingane starta.



OKTOBER

ÅPNING AV TRESFJORDBRUA

Tresfjordbrua åpna 24. oktober og førte til vesentleg kortare avstander mellom Rauma og Vestnes.



NOVEMBER

NÆRINGSPRISEN TIL LARS STENERUD

Kraftfondet i Rauma kommune gjev næringsprisen 2015 til Lars Stenerud.



DESEMBER

ÅPNING AV NYE ISFJORDEN SKULE

Den splitter nye og flotte i skulen i Isfjorden åpna dørene rett før jul. Eit stort løft for heile Isfjorden og Rauma.





MÅL OG MÅLOPPNÅING

Mål	Indikator	Status 2014	Mål 2015	Resultat/ending
Befolkningsvekst	Tal innbyggjarar	7445	7500	7492 (+47)
Bedriftsvekst	Vekst i arbeidsplassar årleg	3563	3575	3568 (+5)
Regionforstørring	Tal utpendlarar frå Rauma mot resten av fylket	479	465	489 (+10)
Boligvekst	Tal nye boligar	22	20	14 (- 6)

BEFOLKNINGSVEKST

Rauma var nære å nå målet om 7500 innbyggjarar i 2015 – det mangla altså berre 8 personar for å bli 7500 Raumaværingar. Folketallsveksten i 2015 var på 47 personar som tilsvarar 0,6 % som er same relative vekst som Møre og Romsdal fylke. Befolkningsveksten i Noreg var i 2015 på 0,9 %.

Befolkningsutviklinga består av to komponenter – fødselsoverskot og netto innflytting: I 2015 vart det født 62 born, medan 74 personar døde – det gir eit negativt fødselsoverskot på 12 personar.

Kommunen hadde ei innflytting på 248 personar samtidig som 189 flytta ut. Dette ga ei netto innflytting på 59 som er svært bra.

BEDRIFTSVEKST

Tal sysselsette med arbeidsstad i Rauma - arbeidsplassar i kommunen – ser ut til å ha stabilisert seg etter å ha gått jamnt nedover i lang tid. Lågaste tallet var i 2012 med 3613 sysselsette med jobben sin innafor Rauma sine grenser. Dei siste åra har nedgangen stoppa opp og det har vore ein svak vekst både i 2013, 2014 og 2015. Det er no 3869 sysselsette i Rauma med bustad i kommunen. Med 3568 lokale arbeidsplassar gjev det ei arbeidsplassdekning på 92 %.

REGIONFORSTØRRING

Talet pendlarar frå Rauma til andre kommunar i Møre og Romsdal aukar jamnt og kom i 2015 opp i 489 personar. Veksten her er større enn kva ein la til grunn i Samfunnsplana. Flest pendlar til Molde – 296 personar. Deretter til Vestnes med 75 personar og Ålesund med 39 personar.

Totalt var det vekst i talet personar som både pendla inn og ut frå Rauma. 775 personar pendla ut, medan 474 pendla inn til Rauma.

BOLIGVEKST

Boligveksten var i 2015 berre på 14 godkjente nye boligar. Det er under målet om minst 20 nye boligar kvart år. Men ser ein dei tre siste åra i samanheng er det bygd i alt 103 nye boligar desse åra dvs. i snitt 34 pr. år. Det er også grunn til å tru at 2016 vil gi høg boligbygging, mellom anna skal Rauma Boliger ASleine starte oppføring av til saman 18 boligar. I tillegg kjem fleire private prosjekt.



VIKTIGE HENDINGAR

2015 er andre gjennomføringsåret for den nye samfunnsplanen med målsettingar om 400 nye innbyggjarar, 300 nye arbeidsplassar og 200 fleire boligar fram mot 2025.

Viktige hendinger og delmål som har betydning for måloppnåinga:

- Opning Tresfjordbrua hausten 2015
- Gjennomføring oppgradering Åndalsnes sentrum – del 1
- Vedtak reguleringsplan Stokkekaia
- Utvikling av nytt helsehus på Stokkekaia – prosjektering av ny infrastruktur
- Full byggeaktivitet Tindesenter og støttekai cruisehavn
- Ferdigstilling ny skule i Isfjorden og utviding Myra barnehage i Åndalsnes
- Utbygging Raumasenteret etter dispensasjon frå kjøpesenterforskrifta
- Ny kunstgrasbane på Åfarnes – realisert av Langfjorden fotballklubb i samarbeid med kommunen
- Oppstart av jobbsentral for unge utanfor arbeidslivet
- Tildeling av Næringsprisen 2015 til Lars Stenerud og Kulturprisen 2015 til Rauma Spelemannslag
- Gjennomføring år 2 i samarbeidsavtale med Nordveggen AS, sjå eiga årsmelding frå Norveggen AS
- Kommunereforma – utgreiingar og sonderingar

FINNER IKKE SIDEN

Siden du prøvde å vise, kan ikke finnes.

FINNER IKKE SIDEN

Siden du prøvde å vise, kan ikke finnes.



ØKONOMI

REKNESKAP DRIFT 2015

Netto driftsresultat viser året sitt driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og det kommunar og fylkeskommunar har til disposisjon til avsetningar og investeringar.

Rauma kommune sitt rekneskap for 2015 viser eit negativt netto driftsresultat på 8 412 087 kroner og eit underskot i rekneskapen på kroner 10 490 835. Det står igjen 1,8 millionar kroner på disposisjonsfondet.

Jamfør tidligare år så er utviklinga i inntektssida svakare og utgiftsveksten sterkare. Veksten i inntekter vart låg, men om lag som venta. Vi klarte ikkje tilpasse veksten i utgiftssida til denne låge inntektsveksten. Skjema 1A viser at sum frie disponible inntekter auka med berre 0,8 %, og til fordeling drift auka med 0,9 %. I dette ligg sjølvsagt mange forhold, mellom anna oppgaveendringar. Netto utgift fordelt på einingane auka likevel med 3,7%. Gjennomsnittlig årslønnsvekst frå 2014 til 2015 for tilsette i KS-tariffområde var 3,3 %.

FINANSOMRÅDET

Sum driftsinntekter (inklusive brukarbetalingar m.v.) vart 572 millionar kroner og sum frie inntekter i skjema 1A vart 428 millionar kroner.

Rammetilskotet vart som justert budsjett, men veksten vart låg (1,9 %) som følgje av ein reduksjon i distriktstilskot for sør-Noreg på 48 % (3 mill.kr).

Vekst i skatteinngangen var på 2,8 % som var litt over budsjett, men vesentleg lågare enn landsgjennomsnittet på 5,99 % og plass 27 av 36 kommunar i fylket. Revidert nasjonalbudsjett hadde eit anslag på 4,61 %.

Eigedomskatten fall med 3,4 %, til tross for auke i promillen. Det var ein svikt på nær 2 millionar kroner jfr budsjett som følge av lågare verdi på kraftverka enn før. Sal av konsesjonskraft vart òg 0,9 millionar mindre enn venta i budsjett. NVE sitt vedtak om grunnlag for utrekning av konsesjonskraft og konsesjonsavgift knytt til Verma konsesjonen er av OED kjent ugyldig. Opprinnelig varslet volum frå NVE var 9,74 Gwh, deretter vart det gjort eit vedtak om 3,9 Gwh, grunna fritak i gammel konsesjon. Dette vedtaket klaga kommunen inn til OED i 2015, og fikk medhald. No vil det verte ein ny runde med forhandsvarsel og vedtak. Inntil vidare har vi lagt til grunn 9 Gwh i vår

inntektsføring av sal konsesjonskraft for 2015.

Samla sett var veksten i frie inntekter i statsbudsjettet venta å vere 2,2 % for Rauma kommune og 2,4 % for landet . Dette er reine tal. Om ein korrigerer for oppgåveendringar (mellom anna bortfall av medfinansiering av helseforetaka) var veksten venta å vere 4,8 % både på landsbasis og for Rauma kommune.

I 2014 hadde vi derimot ekstraordinære inntekter knytt til oppdrettskonsesjonar på 3,6 millionar, og konsesjonsavgift Rauma energi (6,3 millionar som vart inntektsført kraftfondet). I 2015 fikk vi 4,6 millionar kroner i ekstra skjønnskot grunna avdrag på lån til skredvarslingsutstyr. Korrigert for desse forholda, var veksten i frie inntekter på 2,1 %. Det vil si om lag som venta, men noe lågare enn landet.

RAMMETILSKOT

Rauma	2014	2015	Endring
Innbyggartilskot (lik beløp per innbygger)	189 455	167 603	-1,1 %
Utgiftsutjevning	30 522	36 677	20,2 %
Overgangsordning - INGAR	-456	-474	3,8 %
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon, skolehelse, aravg)	441	735	66,7 %
Distriktstilskot	6 133	3 181	-48,1 %
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.aravg)	377	255	-32,4 %
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet	1 400	1 400	0,0 %
Endringer saldert budsjett 2014/2015	-852	-345	-59,6 %
Kompensasjon samhandlingsreforma	1 613		-100 %
RNB 2012-2015 samt Dok8:135 S (2014/2015)	221	1 425	544,7 %
Sum rammetilskot utan inntektsutjevning	208 854	210 457	0,8 %
Netto inntektsutjevning	6 491	8 995	38,6 %
Sum rammetilskot	215 344	219 452	1,9 %
Skatt på formue og inntekt	173 016	177 886	2,8 %
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	22 247	21 489	-3,4 %
Sum skatt og rammetilskot (avrunda)	410 607	418 827	2,0 %
Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen	3570	5 120	43,4 %

Vi betalte 4,6 millioner kroner i ekstraordinært avdrag på lån knytt til investeringa ved skredvarslingsanlegget Mannen, som følgje av eit bunde skjønnsstilskot frå fylkesmannen. Pensjonskostnaden vart 6,2 millioner kroner lågare enn budsjett grunna endringer i forskrift. Likevel vart det ei auke i pensjonskostnadene inklusive amortisering og premieavvik på 4,9 % samanlikna med 2014. Grunna underskotet vart det ikkje mulig å avsette 2 millionar kroner til disposisjonsfond slik som budsjettet.

EININGANE

Driftseiningane hadde eit meirforbruk på 10,8 millionar kroner, eller 2,5 % meir enn budsjett.

Det vart utbetalt 257 millionar kroner i fastløn, ei auke på 2,6 % frå 2014, og 1,2 % (3 millionar kroner) over budsjett. Det var den variable lønna som hadde det største meirforbruket, med 12 millionar kroner meir enn budsjett.

Innafor oppvekstområdet vart det eit meirforbruk på 4,3 millionar kroner, og innan

helse- og omsorg vart det eit meirforbruk på 8,2 millionar. Innafor samfunn vart det eit meirforbruk på 0,9 millionar kroner, mens det innafor organisasjon vart eit meirforbruk på 0,4 mill.kr.

Første driftsåret i ny struktur innan helse og omsorg har budd på til dels store utfordringar både når det gjeld å sikre kvalitet på tenestene, bruke personell og kompetanse på en god måte, og drifte innan dei økonomiske rammene.

Innafor heimebasert omsorg er ein del av meirforbruket knytt til ekstra kostnader ved ny organisering og ei periode med sterk auke i sjukefråvær. Innføring av nye arbeidsmetodar og oppgåver, med overflytting til nye lokalar vart krevjande i tillegg til dagleg drift. Som eksempel kan nemnast om lag 2 millionar kroner berre i opplæringskostnader.

Institusjonsbasert omsorg har hatt innkjøring av ny organisering, men tyngre brukarar og samhandlingsreforma har òg medverka til eit meirforbruk.

Ved Åndalsnes undervisningssenter har voksenopplæringa hatt ein svikt i inntekter der ein ikkje har klart å redusere drifta. Ungdomsskolen klarte heller ikkje å drifte innafor rammene.

Meirforbruket i eininga Born og unge var i hovudsak knytt til barnevern og skuldast eksterne kostnader ved omsorg.

Det var eit mindreforbruk på sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing, som dekker storparten av meirforbruket i tidligare år.

Innafor politisk styring og kontrollorgan har auka aktivitet med godtgjersle, og at ein ikkje reduserte kostnadene som forutsett i budsjettvedtaket, medverka til eit meirforbruk.

ØKONOMISK OVERSIKT EININGER

	Rekneskap 2015	buds (end) 2015	Avvik	Avvik	Rekneskap 2014
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	5 080 693	4 308 631	772 062	18 %	4 675 042
SERVICE OG KOMMUNIKASJON	11 203 172	11 264 792	-61 620	-1 %	10 377 673
FELLESKOSTNADER	43 412 585	44 086 694	-674 109	-2 %	47 495 734
KULTUR	10 722 230	11 024 345	-302 115	-3 %	11 147 420
DEN NORSKE KIRKE	5 176 000	5 176 000	-	0 %	5 175 000
AREAL	6 970 680	6 898 130	72 550	1 %	7 420 112
STAB - STØTTE	10 240 482	10 517 723	-277 241	-3 %	10 430 699
ENHET FOR BARN OG UNGE	25 351 726	21 101 931	4 249 795	20 %	20 531 695
VÅGSTRANDA OPPVEKSTSENTER	7 803 676	8 463 527	-659 851	-8 %	8 040 145
MÅNDALEN OPPVEKSTSENTER	16 808 756	17 271 984	-463 228	-3 %	17 230 367
INNFJORDEN OPPVEKSTSENTER	-6 448	-	-6 448		3 833 289
ÅNDALSNES OPPVEKSTSENTER	25 843 526	25 794 092	49 434	0 %	25 974 109
ÅUS	22 848 769	21 663 385	1 185 384	5 %	23 236 497
ISFJORDEN OPPVEKSTSENTER	22 215 947	21 830 510	385 437	2 %	21 731 732
ÅFARNES OPPVEKSTSENTER	22 125 606	22 607 336	-481 730	-2 %	21 887 169
TILDELING OG KOORDINERING HELSE- OG OMSORGSTJENESTER	2 387 169	2 286 926	100 243	4 %	2 003 809
HJEMMEBASERTE HELSE- OG OMSORGSTJENESTER	81 152 113	75 061 824	6 090 289	8 %	47 348 290
INSTITUSJONSBASERTE HELSE- OG OMSORGSTJENESTER	68 040 281	65 991 818	2 048 463	3 %	58 149 102
KURATIVE HELSETJENESTER	14 326 746	14 351 165	-24 419	0 %	12 332 303
OMSORGSENTER SØR	-	-	-		18 889 353
OMSORGTJENESTE NORD	-	-	-		15 078 736
NAV - KOMMUNAL	7 820 814	8 144 328	-323 514	-4 %	6 685 388
V.A.R.S.F	-1 251 629	1 075 838	-2 327 467	-216 %	-799 445
KOMMUNALTEKNIKK	21 114 190	21 367 282	-253 092	-1 %	19 457 232
FORMÅLSBYGG	7 172 226	5 420 949	1 751 277	32 %	6 408 099
TOTALT	436 559 310	425 709 210	10 850 100	2,50 %	424 739 550

INVESTERINGAR 2015

Det har vore ei kraftig auke i realinvesteringane frå 39 millionar i 2013 til 88 millionar kroner i 2014, til 144 millionar i 2015, der 6,7 millionar kroner var innan sjølvkostområda. 71 % av investeringane vert finansiert ved låneopptak.

Av større prosjekt i 2015 er slutføring av nye Isfjorden skule, og første steg i renovering av sentrum . Eit av kommunens største prosjekt nokon sinne med ei ramme på 361 millionar kroner starta med forprosjekt Helsehus på Åndalsnes.

Det mindre forbruket ved Isfjorden skule enn budsjettert skuldast at siste del vil kome i 2016, noko som krev ei justering av budsjettet. Kjøp Stokkekaia vart ikkje realisert i 2015, men det vart meirkostnader ved reguleringsplanarbeidet knytt til ekstra grunnundersøkingar. Ei større del av sentrumsprosjektet fell på 2015 enn venta og mindre av nærmiljøprosjekta. Dette ga avvik mot budsjett. Meirforbruket knytt til Åfarnes stadion er av teknisk art. Dette er mellombels finansiering av LFK sin del av prosjektet.


KAPITALINNTÉKT

I 2015 fikk vi 4,6 millioner kroner frå fylkesmannen og 10 millioner kroner av NVE etter at kommunen solgte skredsikringsutstyret ved fjellet Mannen i Romsdalen. Desse midlane kan ikkje brukast i drift, og er årsak til den ekstraordinære nedbetalinga av gjeld i 2015. Midlane frå fylkesmannen vart overført via driftsrekneskapen, og aukar driftsinntekta på posten «Andre statlige overføringar». Kroner 42,6 millionar i sal av boliger til Rauma Boliger AS vart satt av til kapitalfondet. I tillegg kjem sal av Rødven skule og nokre tomter.

FINANSRAPPORT

ØKONOMI

Rauma Kommune har 490,4 millionar kroner i lån ved utgangen av 2015 mot 414,7 i 2014 og 396 millionar kroner i 2013. Dette er ei auke på 76 millionar kroner. Netto gjeld, der ein trekker i frå vidareutlån og ubrukte lånemidler, er på 444 mill. kroner. Heile 111 mill.kr. er tatt hand om gjennom lovregulerte gebyr og stønadsordningar. Difor er lån som belastar kommunekassa 333 millionar kroner.



Figur: Samansetning av gjelda. Tall i mill. kr

- Gjennomsnittleg løpetid på kommunens gjeldsportefølje er 14,7 år, ein nedgang på 3,6 år frå 2014
- Kommunen har to lån som må refinansierast i 2016, på tilsaman 92 mill.kr. Ved utgangen av 2015 hadde vi eit sertifikatlån på 52 millionar og eit lån på 40 millionar kroner til sertifikatvilkår. Resten er ordinære avdragslån med flytande eller faste renter.
- Lån med faste renter utgjer 23 % av samla gjeld. Rentekostnader for 2015 vart 11,9 mill. kroner.
- Kommunen sin gjennomsnittsrente var på 1,8 pst. i 2015 mot 2,6 % i 2014. Det låge

rentenivået holdt rentekostnadene om lag på fjorårsnivå.

- Ei auke i rentenivået på 1 % vil auke kommunen sine rentekostnader med 27 % (3,8 mill.kr).

UTVALDE NØKKELTAL

Oppsummering av utvalde nøkkeltall (mill. kroner, der anna ikkje er nevnt)

31.12.2015

31.12.2014

Endring

Gjeld			
Samla gjeld	490	413	78
Netto gjeld*	444	371	73
Netto gjeld pr. innbyggjar (tall i tusen)	59	50	9
Renter			
Andel fast rente**	23 %	28 %	-5 %
Vekta rentebinding (år)	1	1,5	-0,5
Gjennomsnittleg rente	1,80 %	2,60 %	-0,80 %
Budsjetterte rentekostnader eksterne lån	12,58	10,81	1,77
Anslåtte rentekostnader eksterne lån	10,79	11,04	-0,26
Stresstest (1 % endring av renta)	3,78	2,95	0,83
Likviditet			
Vektet løpetid (år)	14,7	18,3	-3,6
Refinansiering kommende 12 mnd.	40	0	40

*Gjeld utan vidareutlån fra Husbanken og ubrukte lånemidler. I tillegg kommer 60 mill.kr. i utlån til Rauma Energi. ** Renter med løpetid over eitt år er definert som fast rente

KOMMENTARAR

Minimumsavdrag er utrekna til 13,2 mill. kr etter den forenkla modellen. Etter saldomodellen vart den gjennom året berekna til 17,8 millionar og dette danna grunnlag for budsjett. Rauma kommune utgiftsførte i alle høve meir enn minimumsavdrag. I 2015 vart det utgiftsført 22,4 mill. kroner i avdrag. Vi vart tildelt 4,6 millioner kroner frå fylkesmannen og 10 millioner kroner av NVE etter at kommunen solgte skredsikringsutstyret ved fjellet Mannen i Romsdalen. Desse midlane kan ikkje brukast i drift, og er årsak til den ekstraordinære nedbetalinga av gjeld i 2015.

Rauma kommune har 799 mill. kr. i pensjonsforplikting. Akkumulert premieavvik er på 38 millionar kroner, ein reduksjon på 8 millionar frå 2014. Dette er forskjellen mellom den premien som er betalt til pensjonsleverandøren og den kostnaden som så langt er belasta rekneskapet. Det står no 1,7 millionar kroner på disposisjonsfondet. Det er ikkje nok til å dekke årets meirforbruk på drifta.

LÅNEGJELD VED UTGANGEN AV ÅRET

Lånenummer	Långivar	Saldo pr 31.12	Saldo pr. 01.01.
2004.0464	Kommunalbanken	10 708 100	11 136 420
2004.0465	Kommunalbanken	8 650 100	8 996 100
2004.0437	Kommunalbanken	12 608 250	13 935 410
2005.0710	Kommunalbanken	-	17 754 240
2006.0556	Kommunalbanken	22 202 840	23 371 400
2008.0425	Kommunalbanken	13 925 720	15 473 020
2008.0552	Kommunalbanken	22 872 960	24 143 680
2009.0246	Kommunalbanken	-	74 559 950
2010.0640	Kommunalbanken	25 600 000	26 880 000
14.617937.9	DNS Husbank	300 000	400 000
14.620705.05	DNS Husbank	468 231	579 194
14.623890.2	DNS Husbank	520 824	629 806
14.62899.5-4	DNS Husbank	876 184	975 588
14.629857-5	DNS Husbank	683 881	789 611
14.630727-7	DNS Husbank	704 545	767 098
14.631365.5	DNS Husbank	550 313	617 564
14.632003.1	DNS Husbank	2 444 697	2 693 751
14632669/1/1	DNS Husbank	1 333 664	1 445 822
8317.50.28156	KLP Banken	16 503 400	17 372 000
2010.0641	Kommunalbanken	25 442 370	26 714 490

2010.0921	Kommunalbanken	11 354 260	16 592 450
83175242166	KLP Banken	33 193 440	34 774 080
14633299	DNS Husbank	1 333 613	1 445 794
14633866	DNS Husbank	4 426 298	4 500 000
20120678	Kommunalbanken	12 517 140	13 222 320
20120675	Kommunalbanken	-	21 730 840
14634518/1/1	Husbanken	4 699 447	4 822 981
14635197/2/1	Husbanken	6 831 502	7 000 000
20130713	Kommunalbanken	7 753 480	8 184 240
8317.53.25487	KLP Banken	31 500 529	33 203 259
5201501140000290	Sparebank 1	52 000 000	
1436146 4	Husbanken	7 500 000	
20150298	Kommunalbanken	40 000 000	
20150465	Kommunalbanken	110 871 450	
TOTALT		490 377 238	414 711 108

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2015

	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	27 011 810	25 369 707	25 369 707	27 194 072
Andre sals- og leieinntekter	47 313 623	46 239 201	41 757 201	47 961 650
Overføringer med krav til motyting	45 844 842	31 933 891	31 528 376	46 046 606
Rammetilskot	219 451 841	220 660 000	220 394 000	215 344 720
Andre statlige overføringer	26 148 356	18 149 000	17 639 000	23 622 681
Andre overføringer	4 680 324	3 167 000	7 649 000	7 007 445
Skatt på inntekt og formue	174 076 039	172 759 000	172 759 000	169 051 738
Eigedomsskatt	21 488 613	23 444 000	23 444 000	22 246 500
Andre direkte og indirekte skatter	5 903 208	6 085 000	6 085 000	11 958 676
Sum driftsinntekter	571 918 657	547 806 799	546 625 284	570 434 090
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	326 282 239	309 753 960	307 826 960	313 461 125
Sosiale utgifter	78 102 807	82 701 146	82 016 146	76 235 144
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	79 839 401	71 648 248	72 007 233	79 203 653
Kjøp av tenester som erstatter tj.produksjon	56 730 807	52 890 868	53 188 118	48 860 405
Overføringer	31 542 688	27 077 262	27 175 012	49 114 932
Avskrivningar	18 156 122	19 229 718	14 516 008	16 911 634
Fordelte utgifter	-12 461 229	-13 184 539	-13 230 539	-12 183 290
Sum driftsutgifter	578 192 835	550 116 663	543 498 938	571 603 603
Brutto driftsresultat	-6 274 178	-2 309 864	3 126 346	-1 169 513
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	13 924 625	15 888 612	16 838 612	13 872 675
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	223 862	100 000	100 000	93 460
Sum eksterne finansinntekter	14 148 487	15 988 612	16 938 612	13 966 135
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar	11 947 466	14 373 156	14 373 156	13 208 101

Tap på finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	22 339 860	17 870 000	18 820 000	19 814 685
Utlån	155 192	144 000	144 000	175 213
Sum eksterne finansutgifter	34 442 518	32 387 156	33 337 156	33 197 999
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-20 294 031	-16 398 544	-16 398 544	-19 231 863
Motpost avskrivningar	18 156 122	19 537 210	14 901 000	16 911 634
Netto driftsresultat	-8 412 087	828 802	1 628 802	-3 489 743

Interne finanstransaksjoner

Bruk av tidlegare års regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-1 090 225	-	-	1 090 225
Bruk av bundne fond	2 037 105	1 318 498	518 498	3 281 851
Sum bruk av avsetninger	946 879	1 318 498	518 498	4 372 076
Overført til investeringsrekneskapet	-	100 000	100 000	143 769
Dekning av tidlegare års regnsk.m. meirforbruk	-1 090 225	-	-	1 090 225
Avsett til disposisjonsfond	-	2 027 000	2 027 000	-
Avsett til bundne fond	4 115 853	20 300	20 300	2 063 290
Sum avsetninger	3 025 628	2 147 300	2 147 300	3 297 285
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	-10 490 835	-	-	-2 414 951

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING 2015

	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Inntekter				
Sal av driftsmidler og fast eiendom	54 075 360	42 594 000	-	2 826 986
Andre salsinntekter	185 070	-	-	66 525
Overføringer med krav til motyting	2 165 932	-	-	480 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	25 070 915	27 935 276	46 865 000	10 749 743
Statlege overføringer	565 000	-	-	6 213 000
